hjalpa

'hjelpe'

NORRØNT

språket i Norge, Island, Færøyane og dei norrøne busetjingane på Grønland og Dei britiske øyane i perioden 750–1550

hjalpa (sterkt verb) er eit bra ord fordi:

Det er eit skikkeleg gammalt germansk verb:

germansk	***helpanam**
urnordisk	***helpan**
gotisk	**hilpan**

Det er framleis i bruk i germanske språk:

norsk	**hjelpe**
svensk	**hjälpa**
dansk	**hjelpe**
islandsk	**hjálpa**
engelsk	**help**
tysk	**helfen**
nederlandsk	**helpen**

Det viser mange kule lydendringar:

For eksempel **bryting**: Mellom *help* (engelsk) og *helfen* (tysk) og *hjelp* (norsk) er det j-en som er den viktigaste skilnaden. Den har komme i dei skandinaviske språka som følgje av «bryting». Ein gammal kort *e* (sjå germansk- og urnordiskforma) blir «brekt opp» til *ja*: **helpan* > *hjalpa*.

Det er eit ord for **noko fint**: å hjelpe nokon og å bli hjelpt.



Minnestein frå Granavollen (N 63). 1050–1100. **hialbi** *Guð sál Aufa* 'Måtte Gud hjelpe Aufis sjel'.

Foto: James E. Knirk. ©2020 Kulturhistorisk museum, UiO, CC BY-SA 4.0. Raud merking lagt til.


Det viser korleis eit ord kan få **nye tydingar** når kulturen endrar seg:

På norrønt betydde *hjalpa* 'å berge, redde'. Det er den gamle, opphavlege tydinga. Så, rundt år 1000, kom kristendomen med nye tankar og idear. Blant desse var 'frelse'. På norrønt blir substantivet *hjǫlp* ofte brukt for 'frelse'.

Å bruke ordet 'hjelp' for den kristne frelsa fortel oss mykje om korleis folk oppfatta den nye ideen. Den opphavlege tydinga av *hjalpa* heldt seg heile tida ved sidan av den nye, slik som når kong Magnus Erlingsson tapar eit slag mot (snart: kong) Sverre. Far til Magnus ligg dødeleg såra, men *konungrinn mátti þá ok ekki dveljask ok varð at* ***hjalpa*** *sér* 'Kongen kunne då ikkje bli verande, og måtte hjelpe seg' – altså redde seg unna.


Det finst massevis av runeinnskrifter med *hjalpa*, ofte i forma konjunktiv, som uttrykker at ein ønskjer noko. Og folk bed om hjelp frå Gud eller helgenar.

Ordet 'frelse' fanst òg på norrønt: *frjálsa*. Dette tyder meir 'setje fri' ('fri-hals'). Når vi i dag brukar 'frelse' oftare enn 'hjelpe' i kristen samanheng, så viser dét til noko av skilnaden mellom katolsk tenking og luthersk tenking.



Frå manuskriptet Holm perg 34 4to, blad 62r. Magnus lagabøtes landslov. Her står det at ein skal bøte og gå til skrifte dersom ein ikkje vil hjelpe ⟨hialpa⟩ ein fattig.

Foto: Kungliga biblioteket, Stockholm



Bit av gravstein frå Nidarosdomen. 12–1300-talet. ⟨-VÐ:HIALP-⟩

Foto: Kjartan P. Haugli/Nidaros domkirkes restaureringsarbeider



Amulett av tre, Bryggen i Bergen (N B13). Etter 1248. **hialbi** *mér Klemetr*, **hialbi** *mér allir Guðs helgir* 'hjelp meg Clement, hjelp meg alle Guds heilage'. Foto: Kristel Zilmer. Raud merking lagt til.

Språk fortel historie!



Foto: R. Gupta, UiO

Elise Kleivane, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, UiO

Ordfestivalen

UNIVERSITETET I OSLO

Design: Kristin Bech